



Marina Solutions AS  
Ivar Aasen-gata 10  
6150 ØRSTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/222 - 23/7736

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
07.09.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om endring av ansvarsrett og søknad om ferdigattest - flytebrygge - gbnr 38/2

Me syner til søknad motteke 06.09.23.

### Administrativt vedtak. Saknr: 088/2023

Tiltakshavar: Mowi Kvingo  
Ansvarleg søkjar: Marina Solutions AS  
Søknadstype: Søknad om løyve til endring av ansvarsrett

### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 og § 23-6 (UTF) godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
UTF	Frøy Akvaservice	987245700	L	1	Utlegging flytekai med forankringer

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

**Ansvarsrett for utførande utlegging flytekai med forankringer gjeve til Marina Solutions AS i vedtak 106/2021 utgår.**

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.10	Endring i løyve	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

#### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

#### **SAKSUTGREIING:**

##### **Tiltak**

Det er søkt om endring av ansvarsrett for utførelse av utlegging av flytekai og forankeringer til denne.

##### **Fakta**

Det er i sak 106/2021 søkt og gjeve løyve til utlegging av flytebrygge på gbnr. 38/2, Kvingo, ved Mowi sitt anlegg for settefisk. Saka vart påklaga av naboar og har seinare vore til politisk handsaming, samt til vurdering hos Statsforvaltaren. Løyve til utlegging vart endeleg avgjort i november -22, då Statsforvaltaren for Vestland stadfesta det kommunale vedtaket.

Entreprenør som fekk godkjent ansvarsrett for utlegging i saka har no søkt om endring av ansvarsrett for utførelse av arbeidet.

##### **Vurdering**

Frøy Akvaservice her erklært ansvarsrett for utførelse av arbeidet. Dei har ikkje sentral godkjenning for ansvarsrett, men har lagt ved relevant sertifiseringsdokument til Frøy ASA for slike arbeider.

##### **Konklusjon**

Det vert gjeve løyve til endring av ansvarsrett jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Marina Solutions AS

Ivar Aasen-gata 10 6150

ØRSTA